

Elever på vg2

Dato: 17.09.2018
Vår ref.: 2018/14191-1
Saksbehandlar: greloh
Dykkar ref.:

Visste du at høgt frávær kan gjere det vanskeleg å få læreplass?

Fagopplæringskontoret registrerer at du går på eit Vg2-kurs som mellom anna kan føre fram til fag- eller sveinebrev. I dei fleste lærefag er det nødvendig med to års læretid i bedrift, før ein kan gå opp til fag- eller sveineprøve.

Fagopplæringskontoret har lang erfaring i arbeidet med å finne læreplassar. Vi vil gjerne gjere deg merksam på at høgt ulegitimert frávær i Vg1 og Vg2 kan få konsekvensar for deg når du skal søke plass i lærebedrift. Du bør derfor passe på at fráværet vert lågast mogleg for resten av Vg2.

Lærebedriftene legg stor vekt på kor mange dagar du har vore borte frå skulen utan grunn, og dei ser spesielt på frávær når det gjeld enkelttimar. Det same gjeld for nedsett karakter i orden og åtferd. Det er lærebedriftene som avgjer kven dei vil tilsetje, og dei vurderer søkjarar til læreplass på same måte som dei vurderer søkjarar til andre stillingar. Har søkjaren høgt udokumentert frávær er vår erfaring at det kan bli vanskeleg å få læreplass.

Ut frå kompetansebeviset frå Vg1 ser vi at du har hatt eit frávær som lærebedriftene kan komme til å vurdere som uakseptabelt. Dersom dette fráværet ikkje kan dokumenterast med legeattest eller annan dokumentasjon når du søker til lærebedriftene, bør du sørgje for at fráværet for resten av skuletida vert lågast mogleg.

Alle som ønskjer læreplass skal registrere dette på vigo.no - innan søknadsfristen 1. mars 2019.

Det er også viktig at du er aktiv og sender søknader direkte til bedrifter. Når du søker læreplass, må du legge ved evt. dokumentasjon på fráværet **til lærebedriftene**.

Dersom fráværet som er registrert på kompetansebeviset ditt ikkje er korrekt, må du snarast ta dette opp med den skulen du gjekk på. Fagopplæringskontoret kan ikkje korrigere opplysningane på kompetansebeviset.

Har du andre spørsmål så ta gjerne kontakt med oss.

Anne Sara Svendsen
leiar

Grethe Juvik Lohne
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.